



# ROVVILTNEMNDNA I REGION 1

## Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Rovviltnemnda region 1

Dykkar ref:

Vår ref.:  
2015/803

Arkivnr.:  
433.52

Dato:  
12.03.2015

### Innkalling til møte i rovviltnemnda region 1 - 18.03.2015

Det blir møte i rovviltnemnda på Quality Hotel Sogndal onsdag 18.03.2015 kl.11.00 – 15.00.

Organisasjonane kan legge fram innspel for nemnda, og det blir sett av inntil 30 min. til dette frå møtestart kl.11.00. Ordinært møte startar kl.11.30. Lunsj kl. 12.30.

Innkallinga blir sendt ut på e-post, i tillegg blir innkalling og saksdokument (og seinare protokollen) lagt ut på **rovviltnemnda sin nyoppretta heimeside**, på Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sin heimeside.

#### Sakliste:

**01/15:** Fordeling og prioritering av budsjett for førebyggjande og konfliktdempande tiltak i 2015. Driftsbudsjett for nemnda og kompensasjon til sekretariatet. Vedtak.

**02/15:** Status for rovvilt i regionen i vinter og skadepotensialet for beitesesongen 2015. Ved Statens Naturoppsyn.

**03/15:** Kvote for betinga skadefelling frå 01.06.2015 – 15.02.2016. Vedtak.

**04/15:** Orienteringssaker og ymse.

- Klima- og miljøministeren til Sogn 23. mars
- KLD: Forslag til forskriftsendringar for meir effektiv felling av jerv, høyringsfrist 7. april.
- KLD: Møte mellom KLD og LMD, Gardermoen 26. mai, for leiarane i nemndene.
- Fellesmøte med Region 3, 25-26 juni.
- Møteplan 2015
- Orientering om rovviltnemnda sin nye heimeside
- Klage frå NOAH på vedtak om kvotefri gaupejakt

Med helsing

Noralv Distad  
leiar for rovviltnemnda

Postadresse:  
Rovviltnemnda i region 1  
c/o Fylkesmannen i Sogn og Fjordane  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Leiar for rovviltnemnda:  
Noralv Distad  
Postboks 53, 5741 Aurland  
Telefon: 91374976

noralv.distad@sfj.no  
<http://www.fylkesmannen.no/sfj>

Sakshandsamar:  
Hermund Mjelstad  
Telefon 57643124

fmsfhm@fylkesmannen.no

Kopi pr. e-post m/vedlegg:

- Fylkesmennene i Region 1
- SNO v/Rein Arne Golf og Jon Erling Skåtan
- Mattilsynet
- Sogn og Fjordane Bondelag v/ Støfring
- Sogn og Fjordane sau og geit v/Sæle
- Agder Bondelag v/ Aasheim
- Vest-Agder sau- og geit v/Johansson
- Rogaland bondelag v/Sande
- Rogaland sau- og geit v/Bjørheim
- Hordaland bondelag v/Taule
- Hordaland sau- og geit v/Hitland
- Helen Haaland, her

Vedlegg:

- Saksframlegg frå sekretariatet
- Rapportar om bruk av midlar til FKT i 2014 frå fylka i regionen
- Søknader og prioriteringar for 2015 frå fylka i regionen
- Brev frå KLD, forslag til forskriftsendringar for meir effektiv felling av jerv, høyringsfrist 7.4.15

Adresseliste rovviltnemnda pr. e-post:

- Noralv Distad, [noralv.distad@sfj.no](mailto:noralv.distad@sfj.no)
- Marit Barsnes Krogsæter, [marit.krogsater@sfj.no](mailto:marit.krogsater@sfj.no)
- Sveinung Valle, [Sve-vall@online.no](mailto:Sve-vall@online.no)
- Oddny Omdal, [Odd-omda@online.no](mailto:Odd-omda@online.no)
- Arne Bergsvåg, [arne.bergsvag@vindafjord.kommune.no](mailto:arne.bergsvag@vindafjord.kommune.no)
- Nils P. Støyva, [nils.p.stoyva@sfj.no](mailto:nils.p.stoyva@sfj.no)
- Jenny Følling, [Jenny.folling@sfj.no](mailto:Jenny.folling@sfj.no)
- Benthe Bondhus, [benth-bo@knett.no](mailto:benth-bo@knett.no)
- Svein Bringsjord, [svein.bringsjord@politiker.vaf.no](mailto:svein.bringsjord@politiker.vaf.no)
- Inghild Vanglo, [inghild.vanglo@eigersund.kommune.no](mailto:inghild.vanglo@eigersund.kommune.no)

## Saksframlegg frå sekretariatet

### 01/15: Fordeling og prioritering av budsjett for førebyggjande og konfliktdempjande tiltak i 2015. Driftsbudsjett for nemnda og kompensasjon til sekretariatet. Vedtak.

#### *Saksopplysningar*

Vi har førebels ikkje motteke rammefordeling til region 1 frå Miljødirektoratet for 2015. Vi legg som tidlegare til grunn at tildelinga blir om lag som året før (2014). Det vil seie kr 750 000,- til førebyggjande og konfliktdempjande tiltak (FKT), kr 450 000,- til løn og drift av nemnda, kompensasjon for sekretariatet og beredskapsordninga for fylkesmennene, og kr 350 000,- til kjøp av tenester.

Vi minner om rapporteringsfristen for bruken av tilskotsmidla. Frå fylkesmennene til Mdir og rovviltnemnda innan 15. januar året etter. Rapporteringsfrist for søkjarane er foreslått å vere 1.12.2015.

Reglane for tilskot til førebyggjande og konfliktdempjande tiltak føreset at alle søknadar nyttar elektronisk søknadssenter, og at dei er innsendte innan fristen 15.02.2015. Søknadssenteret skal og nyttast for rapportering av nytta tilskot. Det føreset at fylkesmennene handsamar søknadane i søknadssenteret og sett krav til rapportering.

Fylkesmannen i **Vest-Agder** har fått 10 søknadar på til saman kr 609 750,- for 2015.

Fylkesmannen i **Rogaland** har fått inn 3 søknader på til saman kr 238 000,-. Søknadene er prioritert. Utanom dette er kr 55 000,- nytta til skadefellingsforsøk på tidlegare i vinter.

Fylkesmannen i **Hordaland** har fått 5 søknader på til saman kr 932 000,-. Ein søknad på kr 180 000,- har høg prioritet (bruk av kadaverhund i Fitjarøyene).

Fylkesmannen i **Sogn og Fjordane** har motteke 7 søknader på til saman kr 671 500,-. Utanom dette er kr 15 000,- nytta til skadefellingsforsøk på jerv tidlegare i vinter.

For alle fylka, men spesielt for Vest-Agder og Sogn og Fjordane, gjeld det at rovviltnemnda og fylkesmennene må ta høgde for eventuelle behov for akutte tiltak i beitesesongen. Dette kan t.d. vere tidleg nedsanking og kostnader knytt til godtgjering av fellingslag dersom det blir aktuelt å iverksetje skadefelling etter 1. juni. Som det er vist i søknadsoversiktene har det allereie samla seg opp utgifter knytt til skadefellingsforsøk på jerv i Rogaland og i Sogn og Fjordane i januar/februar.

#### **Rapport frå 2014**

Tabellen under viser budsjett og resultat for 2014 for region 1. Ramma var på kr 750 000,- til FKT-tiltak, kr 350 000,- til tenestekjøp og kr 450 000,- til drift og løn til nemnda. Vaktordninga for fylkesmennene er innarbeidd i raden for tenestekjøp, totalt kr 25 500,- for kvar FM. Sjå vedlegg frå fylkesmennene for detaljert rapportering.

		Kap/post	Budsjett 2014	Forbruk 2014
Vest-Agder				
	FKT*		350 000	349 779
	Tenestekjøp			
Rogaland				
	FKT	1420.73	150 000	150 000
	Tenestekjøp	1420.21	50 000	7 875
	Løn/drift rovviltnemnd	1420.21	100 000	85 644
	Kompensasjon sekretariat	1420.21	198 000	166 298
Hordaland				
	FKT	1420.73	50 000	50 000
Sogn og Fjordane				
	FKT	1420.73	350 000	349 114
	Tenestekjøp	1420.21	150 000	181 950
*Ikkje skilt mellom FKT og tenestekjøp				

### Vurdering og grunngjeving

Rovviltnemnda skal fordele rammetilskot til førebyggjande og konfliktdempjande tiltak til fylkesmennene i regionen (1420.73) og gje overordna føringar for bruken til fylkesmennene jf. «Regelverk for tilskudd til forebyggjande og konfliktdempjande tiltak i forhold til rovviltskader» (01.01.2013). Kap 8.4 i forvaltingsplanen for Region 1, «Førebyggjande og konfliktdempjande tiltak», vil vere retningsgjevande for bruken av rammetilskotet.

Framlegget til vedtak er basert på søknadar om tilskot til fylkesmennene, innrapporterte behov få fylkesmennene, og kunnskap om rovviltsførekost og skadesituasjonen i dei ulike fylka. Fordeling av utgifter 1420.21 på roviltnemnd og sekretariat er basert på bruken i 2014 og stipulert behov i 2015.

Rovviltnemnda må ta høgde for godtgjering av fellingslag i samband med skadefellingsforsøk og for behov for tilskot til akutte tiltak. Erfaringa viser at dette er vanskeleg å berekne på førehand. Desse reservesummene ligg inne i tabellen under som «akutte tiltak».

Til saman er det i region 1 motteke søknader for ca kr 2 466 250,-. I tillegg skal det avsettast midlar til akutte tiltak. Dette betyr at med ei ramme som for 2014 var på kr 750 000 til FKT-tiltak og kr 350 000,- til tenestekjøp, vil enkelte prosjekt måtte nedprioriterast. Nokre søknadar fell og utanfor ramma for tilskotsmidlane. Fylkesmennene har i utgangspunktet gjort ei viss prioritering.

Vi rår nemnda til i hovudsak å følgje fylkesmennene sine prioriteringar, og til å gje tilstrekkeleg ramme for reservemidlar i utsette fylke. Vi vil som før peike på at det ikkje er høve til å gje tilskot til reine tilsynsprosjekt. Det er heller ikkje høve til å gje tilskot til uspesifiserte utgifter til skadefellingslag utanom pågåande fellingsssituasjonar.

Utgifter til nemnda skal dekkast av 1420.21 *Drift av nemnder og sekretariat*. I tillegg skal kompensasjon for sekretariatet og fylkesvise vaktordningar dekkast innafor denne ramma, kr 450 000,-. Sekretariatet foreslår kr 150 000,- til drift og løn til nemnda, kr 102 000,- til vaktordning for kvar av fylkesmennene i beitesesongen ( kr 1 700,- pr uke i 15 veker), og kr 198 000,- som kompensasjon til sekretariatet.

1420.21 *Tenestekjøp* skal dekke utgifter til forskning og utgreiing i regi av nemnda eller fylkesmenn. Det vil seie prosjekt som ikkje kan definerast som tilskot. Dette gjev samtidig klårtsignal til at nemnda kan iverksette eigne tiltak på tvers av fylka. Dei enkelte fylkesmenn må sjølv vurdere om nokon høgt prioriterte FKT-søknadar kan omgjerast til kjøp av tenester. Vi foreslår at posten *tenestekjøp* blir fordelt mellom fylka til fylkesvise kjøp.

Vårt framlegg til vedtak gjev denne fordelinga mellom fylka:

	1420.73	1420.21 tenestekjøp	1420.21 drift og løn
FM Vest-Agder	200 000	150 000	25 500
FM Rogaland	100 000	25 000	25 500
FM Hordaland	100 000	25 000	25 500
FM Sogn og Fjordane	350 000	150 000	373 500
Til saman	750 000	350 000	450 000

### **Framlegg til vedtak**

1. Rovviltnemnda i Region 1 fordeler tilskotsramme til førebyggjande og konfliktdeppande tiltak, kjøp av tenester og drift av rovviltnemnda på dette viset for 2015:

Tilskot FKT	Kap/post	Tilskot etter søknad	Akutte tiltak	Totalt FKT
FM Vest-Agder	1420.73	150 000	100 000	250 000
FM Rogaland	1420.73	50 000	25 000	75 000
FM Hordaland	1420.73	50 000	25 000	75 000
FM Sogn og Fjordane	1420.73	250 000	100 000	350 000

Tilskot tenestekjøp og drift	Kap/post	Tenestekjøp	Løn og drift nemnda	Kompen- sasjon sekretariat	Vaktordning	Totalt drift
FM Vest-Agder	1420.21	150 000			25 500	25 500
FM Rogaland	1420.21	25 000			25 500	25 500
FM Hordaland	1420.21	25 000			25 500	25 500
FM Sogn og Fjordane	1420.21	150 000	150 000	198 000	25 500	373 500
<b>Til saman</b>		<b>350 000</b>	<b>150 000</b>	<b>198 000</b>	<b>102 000</b>	<b>450 000</b>

2. Det skal ikkje utbetalast tilskot til reine tilsynsprosjekt utan i kombinasjon med andre tiltak. Fylkesmennene har høve til å sette av ytterlegare midlar til reserve dersom det ikkje er omsøkt tilstrekkeleg beløp frå søknadar som kvalifiserer til tilskot.

3. Det er sett av store beløp i reserve, det vil seie til akutte behov i beitesesongen. Nemnda vil oppmode fylkesmennene til å sjå nærare på om det kan vere aktuelt å nytte eventuelle beløp som står att etter beitesesongen er ferdig til nye tiltak eller forbetring av eksisterande tiltak. Reservebeløpet kan og nyttast til finansiering av formar for dialog med involverte organisasjonar i fylket. Frigjorte beløp som følgje av avslag eller reduserte tilskot til søknadar er reserver til akutte tiltak.

4. Tilskot skal vere retta inn mot spesifiserte tiltak og kan ikkje nyttast til løn og drift av skadefellingslag utanom fellingsaksjonar, jf. rovviltforskrifta §§ 9 og 9 a.

5. Fylkesmennene må ta høgde for godtgjering av skadefellingslag etter gjeldande satsar.

6. Bruk av tilskot til tidleg sanking skal vere i samsvar med forvaltingsplanen for Region 1 (kap 8).

7. For å få tilskot til førebyggjande eller konfliktdempjande tiltak skal tiltaket avklarast med fylkesmannen på førehand. Tilsegn skal vere skriftleg. Akutte tiltak kan avklarast pr telefon eller e-post, men skriftleg tilsegn skal sendast så snart som råd.

8. Tildelinga på 1420.21 kan nyttast til kjøp av tenester for å styrke arbeidet med førebyggjande og konfliktdempjande tiltak.

9. Det er ikkje høve til å engasjere personell hos fylkesmannen for gjennomføring av førebyggjande tiltak.

10. Tilskot frå 1420.73 skal prioriterast til tiltak retta mot husdyr. Fylkesmannen kan likevel nytte deler av ramma til andre førebyggjande tiltak, jf. forvaltingsplanen kap. 8.

11. Mottakar av tilskot skal rapportere bruken innan 1. desember 2015 gjennom elektronisk søknadssenter. Rapporten skal innehalde ei evaluering av tapsreduserande eller konfliktdempjande effekt. Fylkesmannen skal rapportere bruken av tilskotsmidla innan 15. januar 2016 til Mdir og rovviltnemnda. Fylkesmannen skal og rapportere effektar av tilskotet så godt det let seg gjere.

*Dette vedtaket er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningslova, og kan ikkje klagast vidare.*

### **02/15: Status for rovvilt i regionen i vinter og skadepotensialet for beitesesongen 2015. Kommunikasjon med Mdir om eventuelle ekstraordinære uttak.**

Rein Arne Golf frå SNO orienterer om status for rovvilt i regionen.

Rovviltnemnda sendte 06.03.2015 e-post til Miljødirektoratet med råd om iverksetting av ekstraordinært uttak av jerv i Rogaland. Frå før har Mdir iverksatt ekstraordinært uttak av ein jerv i Sogn og Fjordane i perioden 21. januar 2015 – 15. februar 2015, utan oppnådd felling.

### **03/15: Kvote for betinga skadefelling frå 01.06.2015 – 15.02.2016. Vedtak.**

#### *Saksopplysningar*

Etter forskrift om forvaltning av rovvilt § 8 skal rovviltnemnda fastsette kvote for betinga skadefelling av gaupe, jerv, bjørn og ulv til fylkesmannen. Ei førsetnad er at vilkåra i § 7 er oppfylte. Løyva kan nyttast i akutte skadesituasjonar for å hindre skade på bufe. Løyva kan gjeld for perioden 01.06.2015 – 15.02.2016.

Vilkåra er i dette høvet krav om at vedtaket bygger på bestandsdata frå nasjonalt overvåkingsprogram for rovvilt. For bjørn og ulv skal nemnda ta utgangspunkt i siste års yngling. For jerv og gaupe skal ein bygge på gjennomsnitt av dokumenterte data om ynglingar dei siste 3 åra. For region 1, som ikkje har nasjonale mål om ynglingar for nokon av desse artane, er ikkje desse måla avgrensande for nemnda sitt høve til å treffe vedtak om felling, men ein må likevel ta omsyn til naturmangfaldlova § 5, som sett krav om forvaltingsmål for artar. § 7 legg til grunn at nemnda følgjer forvaltingsplanen i sine vedtak, til dømes om felling. Kunnskap om rovviltartane og om skadesituasjonen skal ligge til grunn for vedtak. Etter vedtak om kvote skal all irregulær avgang av rovvilt belastast den same kvota.

Rovviltnemnda sitt vedtak etter § 8 er eit enkeltvedtak som kan påklagast til KLD innan 3 veker frå vedtaket er gjort kjend. Fylkesmennene sine vedtak om iverksetting kan og påklagast. Miljødirektoratet er klageinstans i desse høva.

### Gaupe

Pr 10. mars er det ikkje felt gaupe i regionen vår. Jakttida for gaupe er februar og mars. Det er ingen kvote for gaupe i region 1. I Rovbasen er det registrert sikre spor etter gaupe i vinter i Ullensvang kommune (HO) og i Luster kommune (SF).

Bestandsstatus før jakt i 2014 ble estimert til 53,5 familiegrupper i landet. Det gjev eit gjennomsnitt på 60,5 ynglingar dei siste tre åra, som er **under** det nasjonale målet om 65 ynglingar.

### Jerv

Nemnda vedtok ei kvote på 10 jerv som kunne fellast i heile regionen i lisensfellingsperioden 2014/2015. Av 50 felte dyr ble ingen felt i region 1. Etter nyttår er det lagt inn 1 sporfunn i Rovbasen frå Stryn kommune. I tillegg er det rapportert om spor i Indre Sogn og frå Suldal/Bykle/Hjelmeland. Overvakinga som Statens Naturoppsyn gjer av jerv viser DNA frå 11 ulike jervar i 2014, alle frå Sogn og Fjordane. Av desse er det ei avgang på tre i 2014. I teorien er det altså minimum 8 jerv i dette området framleis, i hovudsak i grenseområda til Oppland.

Bestanden av jerv er svakt minkande og er rekna til 343 vaksne individ i 2014. Tal ynglingar i 2014 var 52. Av desse ble 12 teke ut, pluss avgang på eit hi, slik at det enda på 39 ynglingar. Det nasjonale målet er på 39 ynglingar.

### Ulv

I 2014 var det «stor» aktivitet av ulv i Vest-Agder og i Sogn og Fjordane. Det ble gjeve skadefellingsløyve i begge fylka utan resultat. Ein ulv ble felt under lisensjakta i Naustdal, Sogn og Fjordane i desember 2014.

Det nasjonale målet om 3 heilnorske ynglingar ble nådd for fjerde året på rad. Totalt reknar ein med det er 65 – 67 ulvar i Noreg.

### Bjørn

Det er ikkje dokumentert bjørn eller bjørneskade i regionen i 2014 og fram til i dag.

Bestanden på landsbasis ligg framleis under bestandsmålet på 13 årlege ynglingar. I 2013 ble det påvist minimum 148 brunbjørn (55 binner og 93 hannar) i Noreg ved hjelp av DNA.

### Erstatning for rovvilttap

Erstatningstala for tap av bufe til rovvilt viser desse tala for tap av sau og lam som det er utbetalt erstatning for etter beitesesongen 2014:

Fylke	Gaupe	Jerv	Ulv	Bjørn	Kongeørn	Uspesifis.	Total
Vest-Agder	0	10	307	0	7	0	324
Rogaland	1	40	0	0	37	0	78
Hordaland	0	0	0	0	43	0	43
Sogn & Fj.	41	880	158	0	65	26	1170
<b>Total</b>	<b>42</b>	<b>930</b>	<b>465</b>	<b>0</b>	<b>152</b>	<b>26</b>	<b>1615</b>

Utbetalt erstatning for heile regionen er på kr 4 557 235,-

### Vurdering

Før vedtak om felling skal nemnda vurdere saka etter naturmangfaldlova kap. II. Kravet til bestandsmål for naturleg førekommande arter etter § 5 er i ein særstilling for rovviltartane,

sidan Stortinget har vedteke konkrete nasjonale mål for årlege ynglingar. Ulv ligg i dag over dette målet, jerv ligg om lag på målet, og gaupe og bjørn ligg under. Regionar med ansvar for ynglingar og rovviltsoner har eit spesielt ansvar for å nå måla, men også region 1 må ta sin del av ansvaret for langsiktig overleving. Sjølv om regionen er eit beiteprioritert område.

Naturmangfaldlova § 7 seier at §§ 8-12 skal leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig mynd. Kravet til kunnskapsbasert forvaltning (§ 8) er stort sett sikra i vedtak som angår rovvilt. Kunnskapen om bestandane er god. Vi vurderer det slik at kunnskapen er tilstrekkeleg god til å kunne vedta kvoter i region 1. Tilfeldige innvandringar og hendingar vil uansett avgrense høvet til å vere føreseieleg eit år fram i tid.

Føre-var-prinsippet (§ 7) er ikkje like relevant med så detaljert kunnskap som fins på rovviltområdet. Ein kan likevel argumentere for at når alle artane no er i nærleiken av bestandsmålet vil eit for stort uttak kunne komme i konflikt med langsiktig overleving og § 5, men det er ei større utfordring for regionar med bestandsmål.

Rovviltet døyr stort sett av felling. I høve til samla belastning jf. § 10 kan ulovleg felling eller skadeskyting vere eit stort problem for enkelte artar. Gjenfangst av DNA-identifiserte jervindivid tyder ikkje på at det er eit stort problem her.

Bestandssituasjonen for den vest-norske delbestanden kan vere i negativ utvikling, grunna stor avskyting og relativ isolasjon frå jervområde i nord og aust. Vi er usikre på kor alvorleg dette er og det må truleg meir forskning til for å avklare dette. Bestanden her var jo utrydda/vekke på 60-70 talet og er såleis kolonisert frå nord og aust etter den tid. Vi foreslår ei kvote på 6 jerv.

Det vil og vere rett å ha ei kvote for å sikre raskt uttak av gaupe, dersom det er fare for skade og tilhøva ligg til rette for felling. Vi foreslår ei kvote på 2 gauper.

Vidare foreslår vi ei kvote på 4 ulv og 1 bjørn. Dersom det er mogleg vil det vere viktig å ha informasjon om genetisk opphav til ulv slik at ikkje viktige individ blir felt. Ut frå førekomsten av bjørn i regionen meiner vi kvote på 1 dyr er tilstrekkeleg.

Eventuelle nye opplysningar frå SNO på møtet bør og vurderast i høve til kvotefastsetting på møtet.

#### *Framlegg til vedtak*

*I perioden 01.06.2015 til 15.02.2016 kan fylkesmennene i region 1 nytte desse kvotene for betinga skadefelling:*

Art	Tal
Gaupe	2
Jerv	6
Ulv	4
Bjørn	1

*Nemnda kan til ein kvar tid trekke kvotene tilbake dersom ny kunnskap gjer det naudsynt. Skadefelling skal trekkast frå lisensfellingskvoten dersom felling skjer i lisensfellingsperioden for arten.*

*Iverksetting av løyva skal vere i samsvar med gjeldande forskrifter og forvaltingsplanen for regionen.*

*Nemnda sitt vedtak kan påklagast innan 3 veker frå vedtaket er motteke. Klaga skal handsamast av Klima- og miljødepartementet, men sendast til rovviltnemnda.*